



ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Olav Overvoll, 5557 2315

## Uttale - Alver - 433/34 Hella - drenering - Åkerrikse

Vi viser til brev av 3.11.2023, der de ber om uttale om planlagt drenering av eit landbruksareal nært eit mogleg reproduksjonsområde for åkerrikse (EN – sterkt truga). Det er òg nemnt at taigasædgås (EN – sterkt truga) er observert i nærleiken.

Åkerrikse opptre sporadisk på våre kantar i sommarhalvåret. Ved Hella er arten observert både i 2007, 2015, 2017 og sist i 2020 (jf. Artsdatabanken). Reproduksjon er mogleg, men er ikkje påvist. Arten er ikkje påvist på det aktuelle arealet for drenering.

Taigasædgås er ein fåtalig trekkgjest, som kan slå seg ned på dyrka mark for korte periodar i trekketidene. Arten er observert i området ved Hella i 2012 og 2014 (jf. Artsdatabanken).

Basert på dette, vurderer vi det som lite sannsynleg at tiltaket vil vere negativt for førekomst av nokon av desse artane. Men om arbeidet er planlagt utført på våren/sommaren, og åkerrikse blir høyrte innanfor dreneringsarealet til våren (den kan dukke opp i april), bør arbeidet settast på vent til hekkesesongen er over, i august.

Med helsing

Solveig Kalvø Roald  
seniorrådgjevar

Olav Overvoll  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*